



SAKSLISTE ÅRSMØTE VÅGSBYGD SEILFORENING FOR 2025

Sak 1: Godkjenning av stemmeberettigede representanter

Sak 2: Valg av dirigent, referent, 2 representanter til å underskrive protokollen

Sak 3: Godkjenne innkalling

Sak 4: Godkjenning av saksliste

Sak 5: Godkjenning av forretningsorden

Sak 6: Årsberetning 2025

Sak 7: Årsregnskap 2025

Sak 8: Behandle innkomne forslag

Sak 9: Behandle seilforeningens organisasjonsplan

Sak 10: Fatte vedtak om kontingent

Sak 11: Budsjett 2026

Sak 12: Fatte vedtak om tid og sted for neste årsmøte

Sak 13: Valg

Sak 14: Utnevne representanter fra foreningen til forbund og annet

Sak 15: Orienteringssaker



Årsmelding Vågsbygd Seilforening 2025

Styret

Etter årsmøtet 26/2-25 har styret vore samansett slik: Nils Stray (leiar), Bernhard Skaar (nestleiar), Ronny Rognhaugen (kasserar), styremedlem Erik Erland og varamedlem Jan Otto Jahnsen. Det er i perioden gjennomført seks styremøter i tillegg til diskusjon/drøfting på e-post.

Komiteer

Huskomiteen har i perioden vore Bjørn Stien og Marius Kildedal. Rune Pedersen og Jan Otto Jahnsen og Bjørn Stien har vore regattakomite for Onsdagsregattaene og Bøddelen. Flødekomiteen har vore Rune Pedersen, Morten Sørensen og Bjørn Stien i samarbeid med Lillesand Seilforening.

Aktivitet og status

Klubbhuset vart oppgradert i april med sparkling av flisegolv, legging av teppefliser og ny spilevegg. Spileveggen vart montert på dugnad. Totalkostnaden for prosjektet var 95' mot budsjett 120'. Det er gjennomført dugnader 6. mai og 16. oktober på huset og området vårt. Vindskiene mot sør og dørene til bua fekk litt måling og så vart det montert topplis på knotteplasten bak huset. Problemet med fukt på bakveggen var diverre ikkje løyst, men etter avleiing av vatn under terrassen ser det betre ut.

Under stormen Amy 3-4. oktober sleit det eine elementet (av fire) i bølgebrytaren seg og tidleg i desember sleit eit til seg. Det vart lagt ut tre nye moringar rett før jol og samankoplinga er forsterka. Forsikringa dekkjer ikkje skaden og det vart ein uføresett kostnad på 60'. VSF må rekna med meir arbeid med bølgebrytaren i 2026.

Vårserien vart avslutta 25. juni med strålande sol, stødig sør-vest og pølser på brygga. Klassevinnarane var Tempo og Yme. Flødeseilassen 14. juni vart ein frisk kryss mot Lillesand, men 32 fullførte. Soling1 deltok i eit rekordtidleg NM i Grimstad 3-4. mai og vart 10 av 15 båtar. Tempo deltok i Skagen Race 28. mai og vart 17 av 36 i sin klasse. Yme var med i NM på Askøy 21-22. juni og vart 10 av 17. båtar. Bøddelen Rundt gjekk laurdag 13/9. Det vart ein frisk slør fram og attende med 10 båtar. Overload vann føre Scawbelle og Amalie. Sundag 14/9 var det Vågsbygd Yngling Cup, kor 5-6 lag byta på å sigla 4 Ynglingar. Finalen for haustserien var fredag 19/9 med premieutdeling og servering av pizza i klubbhuset. Samanlagt vann Tempo og Yme som i vår. Guido Riesen deltok i VM for 2.4mR på Gardasjøen 7-12. oktober og vart 35 av 56 båtar.

Ynglingprosjektet har fortsatt med to «nye» båtar til miljøet og totalt 18 i byen. Tre båtar er lagra innomhus for oppgradering i vinter. Regattakurset med Yngling hadde i år 5 deltakarar. VSF er tildelt NM for 2026. Klubbkveldar med ulike tema er gjennomført i vintersesongen. 30. januar (CSF/Erik Aanderaa), 26. november (Oddvar Larsen) og 7. januar 2026 (Lars Ingeberg).

Økonomi

Overskotet vart på 7055 og saldo i banken 31.12 er 424 495. VSF fekk 2578 i lokale aktivitetsmiddel og 39 697 i momskompensasjon. Det har vore mindre utleige av huset i år med 76', men meir for båtar med 66'. Eigne arrangement gjekk 2092 i underskot. Alle 13 båt plassane har vore utleigd i år. Det er ni større båtar i vinteropplag i år, pluss ni Ynglingar.

VSF hadde 109 betalande medlemmer i 2025, mot 107 i 2024. Det er kome til 13 nye medlemmar i året.

Rekneskap VSF 2021-2025 og budsjett 2026

	2021	2022	2023	2024	2025	2025	2026
	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
Medlemskontingent	45 333	48 800	46 138	54 024	54 237	60 000	60 000
Leieinntekter hus	43 400	91 200	105 450	109 500	75 812	100 000	85 000
Offentlige tilskudd	98 201	31 502	30 386	21 802	47 582	40 000	30 000
Utleie brygger/opplag	47 750	44 960	48 610	48 594	65 985	50 000	65 000
Sponsor	61 173	0	0	0	0	10 000	20 000
Egne arrangement	20 104	92 088	30 005	19 800	29 251	30 000	40 000
Andre inntekter	38 514	0	45 000	4 541	2 000	0	0
Sum inntekter	354 475	308 550	305 589	258 261	274 867	290 000	300 000
Utg egne arrangement	69 135	68 325	23 481	45 985	31 343	60 000	65 000
Renovasjon/vann/avløp	19 573	23 710	5 539	5 518	5 060	6 000	6 000
Lys/ varme	21 846	40 496	23 527	15 861	17 235	20 000	20 000
Andre kostnader lokaler	15 166	700	2 150	16 899	2 623	10 000	10 000
Datasystemer/internett	20 728	29 340	7 428	7 413	7 233	8 000	10 000
Rep & vdl bygninger	58 131	2 516	7 506	6 408	94 780	120 000	75 000
Rep & vdl bryggeanlegg	45 046	6 515	3 533	391 643	70 396	10 000	50 000
Kontingent NIF	14 960	16 200	18 630	17 820	23 380	18 000	25 000
Forsikringer	20 998	22 285	24 651	17 573	22 301	20 000	20 000
Nyanskaffelser	0	14 441	0	0	0	0	0
Diverse kostnader	5 850	12 964	4 941	17 954	6 093	5 000	5 000
Sum kostnader	291 433	237 492	121 386	543 074	280 444	277 000	286 000
DRIFTSRESULTAT	63 042	71 058	184 203	-284 813	-5 577	13 000	14 000
Renteinntekt	0	1 311	12 142	15 138	12 632	12 000	13 000
Årsresultat	63 042	72 369	196 345	-269 675	7 055	25 000	27 000



Protokoll frå ordnært årsmøte for Vågsbygd Seilforening (VSF) onsdag 25. februar 2026

Leiar Nils Stray ynskja forsamlinga velkomen kl. 1900. Årsmøtet gjennomførast etter lovane for VSF. Punkta nedanfor visar til sakslista:

1. Det var 11 røysteføre medlemmar til stades.
2. Styret sitt framlegg om Nils Stray som ordstyrar og Ronny Rognhaugen som skrivar vart godkjend. Aleh Lohish og Arild Amundsen vart oppnemnd til å skriva under protokollen.
- 3-5. Innkallinga, sakslista og forretningsorden vart godkjend utan merknader.
6. Nils Stray las opp årsmeldinga frå styret, og Bjørn Stien las rapporten frå huskomiteen. Båe vart godkjend utan merknader.
7. Ronny Rognhaugen la fram årsrekneskap, og Carl Erik Moe las vurderinga frå kontrollkomiteen. Rekneskapan vart godkjend med merknad om avsetting/bokføring av kostnad for bølgebrytar.
8. Det kom ikkje inn framlegg til årsmøtet frå medlemmane eller styret.
9. Organisasjonsplanen er oppdatert med 1 varamedlem for kontrollkomite. Og ein Ynglingkomite.
10. Medlemskontingenten vart endra frå 600/800 til 700/1000 for 2026 mot to røyster.
11. Budsjettet vart vedteke med desse endringane; sponsor +10 000, egne arrangement +15 000, vedlikehald bygg og brygger +25 000 kvar. Revidert driftsresultat er redusert frå 69 000 til 14 000.
12. Årsmøtet neste år skal skje som loven seier innan utgangen av mars, utan at dato er fastsett.
13. Innstillinga frå valkomiteen vart vedteke utan endringar:
 - Styreleiar Nils Stray, attval 1 år
 - Nestleiar Bernhard Skaar, attval, 2 år
 - Kasserar Ronny Rognhaugen, ikkje på val, 1 år att
 - Styremedlem Erik Erland, ikkje på val, 1 år att
 - Varamedlem Jan Otto Jahnsen, attval 1 år

Regattakomité	Huskomité	Flødekomité	Ynglingkomité	Kontrollkomité
Rune Pedersen	Bjørn Stien	Rune Pedersen	Ronny Rognhaugen	Ove Mæland
Gunnar Amtedal	Marius Kildedal	Bjørn Stien	Carl Erik Moe	Håvard Haneberg
			Marius Kildedal	Guido Riesen
			Aleh Lohish	

Ny valkomite: Carl Erik Moe og Gunnar Amtedal.

14. Styret får fullmakt til å peika ut representantar til ting og møte i andre organisasjonsledd.
15. Nils Stray orienterte om NM Yngling, samarbeidet CSF/VSF, ny vinsj og medlemsmøter.

Ronny Rognhaugen, skrivar

Aleh Lohish, underskrivar

Arild Amundsen, underskrivar



Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- Amundsen, Arild Mardon (29.03.1952), signert 26.02.2026 med Signicat Sign BANKID
- Lohish, Aleh (10.12.1987), signert 26.02.2026 med Signicat Sign BANKID



Det signerte dokumentet inneholder

En forside med informasjon om signaturene, alle originaldokumenter og digitale signaturer.



Dokumentet er forseglet av Posten Bring

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Bring AS. Posten garanterer for autenticiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

En digital signatur er kun gyldig digitalt. Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er signert av Posten Bring AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.